



## MØTEBOK ULLENVANG FJELLSTYRE

Tidspunkt: Onsdag 23. juni 2022

Stad: E-post

**Desse møtte:** Johnny Vikne, Jan Asbjørn Utne, Jarle Rasmussen, Synnøva Sæbø, Hildegunn Espe

Forfall:

Andre til stades på møtet: Steinar Lund (sekretær)

Publisert: 24.6.2022

**Saker til styremøtet:**

**UFS 18/22: Søknad om garnfiske frå Litlos turisthytte**

Johnny Vikne /s/

Jan Asbjørn Utne /s/


Hildegunn Espe /s/

Jarle Rasmussen /s/      Synnøva Sæbø /s/

**Kopi til:**

Fjellstyremedlemmer  
Varamedlemmer  
Fjellstyra på Hardangervidda as  
Norges Fjellstypesamband  
Fjellstyra kring Hardangervidda

Statskog  
Ullensvang kommune  
Hardanger Folkeblad



## **UFS 18/22: Søknad om garnfiske frå Litlos turisthytte**

### **Saksdokument:**

- 18-22 DNT Oslo og Omegn - Søknad om garnfiske

### **Saksutgreiing:**

Bestyraren på Litlos turisthytte i 2022 er utanbygdsbuande. DNT ynskjer moglegheita til å servere fjellaure på hytta, og søker difor om å få fiske med garn i Litlosvatnet.

Retten til fiske med garn ligg til dei som er busett i området der allmenningen ligg (innanbygdsbuande). Fjellstyret kan gje løyve til garnfiske til øvrige som er busett i Noreg (utanbygdsbuande) når det kan skje utan at det går ut over fiskerettshavarane elles, og det ikkje kan reknast å vere til skade for fisken i vassdraget, jf. fjellova § 28 tredje ledd andre punktum.

Det er ingenting som tilseier at det blir fiska for mykje i Litlosvatnet. For dei aller fleste vatna i statsallmenningen er det ein fordel om det blir fiska meir, for å oppretthalde og betre kvaliteten på fisken i vatnet. Tidlegare år har bestyrar på Litlos fiska i vatnet og servert fangsten til gjestene, og alt tyder på at det er ein fordel om dette fisket held fram. Sakshandsamar kjenner ikkje til at fisket som har blitt gjort av Litlos turisthytte har vore til hinder for fisket for andre innanbygdsbuande.

Fjellstyret har tidlegare vedteke at tilbodet om garnfiske til utanbygdsbuande er vekeskort for eit utval vatn der ein vurderer bestandstettleiken til å vere for stor. Litlos turisthytte har behov for eit løyve til å fiske i Litlosvatnet heile perioden dei held ope, så eit slikt vekeskort vil ikkje vere til hjelp for dei.

Sakshandsamar vurderer det til å vere fornuftig å gi eit løyve til bestyrar på Litlos turisthytte å drive garnfiske i Litlosvatnet i perioden turisthytta er betjent, etter gjeldande fiskereglar for Ullensvang statsallmenning. Eit slikt løyve vil vere eit særskild tilfelle til drivar av turisthytta, og vil ikkje gje presedens ved handsaming av framtidige søknadar om garnfiske frå utanbygdsbuande.

### **Framlegg til vedtak:**

Ullensvang fjellstyre tildeler bestyrar ved Litlos turisthytte eit fiskekort etter særskilt løyve til å drive garnfiske i Litlosvatnet i perioden hytta har ope betjent avdeling sommaren 2022. Løyvet gir rett til å drive garnfiske i tråd med gjeldande fiskereglar for Ullensvang statsallmenning.

Prisen for fiskekortet blir sett til 600 kr.

Vedtaket er gjort med heimel i fjellova § 28 tredje ledd andre punktum, og forskrift om jakt, fangst og fiske i statsallmenning § 13.



**Referat:**

Det var semje om framlegg til vedtak.

**Vedtak (sak UFS 11/22):**

Ullenvang fjellstyre tildeler bestyrar ved Litlos turisthytte eit fiskekort etter særskilt løyve til å drive garnfiske i Litlosvatnet i perioden hytta har ope betjent avdeling sommaren 2022. Løyvet gir rett til å drive garnfiske i tråd med gjeldande fiskeregler for Ullenvang statsallmenning.

Prisen for fiskekortet blir sett til 600 kr.

Vedtaket er gjort med heimel i fjellova § 28 tredje ledd andre punktum, og forskrift om jakt, fangst og fiske i statsallmenning § 13.